



Arkiv: FA-L13  
JournalpostID: 23/38468  
Saksbehandlar: Njell Hoftun  
Dato: 07.11.2023

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS-57/23	Nærings- og utviklingsutvalet	15.11.2023

### Planprogram rullering kommunedelplan for områda rundt Nysætervatnet

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 vedtek NU oppstart av rullering av kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet.

Utkast til planprogram for prosessen vert å legge ut til offentleg høyring.

Varsel om oppstart og høyring av planprogram skal kunngjerast med minst 6 vekers uttalefrist frå kunngjeringsdato.

#### Nærings- og utviklingsutvalet - 57/23

#### **NU - behandling:**

Kommunalsjef samfunn Njell Hoftun orienterte og svara på spørsmål.

#### Røysting:

Framlegget til vedtak frå kommunedirektøren blei samrøystes vedteke

#### **NUVedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 vedtek NU oppstart av rullering av kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet.

Utkast til planprogram for prosessen vert å legge ut til offentleg høyring.

Varsel om oppstart og høyring av planprogram skal kunngjerast med minst 6 vekers uttalefrist frå kunngjeringsdato.

#### **Bakgrunn for saka**

Sykkylven kommunestyre vedtok i planstrategi for Sykkylven kommune 2021-2023 å starte rullering av kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet hausten 2023 (Kommunestyre-sak 13/21).

#### **Saksopplysningar**

Gjeldande plan (PlanID 15282013001) vart vedtatt i 2014, og er nå den eldste delen av kommuneplanen sin arealdel.

Grunnlag for vedtak om rullering ligg i alder på gjeldande plan, samt eit vesentleg endra utfordringsbilde sidan 2014.

Planprogrammet er første del i planprosessen. Programmet forklarar planprosessen, mål og rammer for planarbeidet, kva tema som skal belyst særskildt, korleis innbyggjarane skal kunne delta i prosessen, kunnskapsgrunnlag og kva utgreiingar vi har behov for.

Planprogrammet skal leggast ut til offentleg høyring saman med kunngjering om oppstart av planarbeidet.

Gjennom høyring og politisk handsaming av planprogrammet skal alle sikrast moglegheit til å påverke planarbeidet i tidleg fase.

Jamfør krava i plan- og bygningslova skal planprosessen starte med utarbeiding av planprogram og kunngjering om planoppstart. Høyringstid for planprogrammet er min 6 veker. Planprosessen er delegert til NU å stå føre. Kommunestyret gjer sluttvedtak etter tilråding frå NU.

## **Vurdering**

Områda kring Nysætervatnet er svært attraktive friluftsområde med stor betydning for trivsel, aktivitet og folkehelse. Samtidig er det store utbyggingsområde med ulike næringsinteresser, områda er grunnlag for ulike reiselivstilbod. Og områda er viktige beiteområde for husdyr. Interessene er mange og til dels motstridane. Kommunen har ansvar for samordning av ulike interessar for å sikre ei framtidsetta og berekraftig forvaltning av området. Kryssande interessar skal avklarast gjennom plan. Gjennom plan skal ein også sikre tryggleik, miljø- og naturkvalitetar i området.

Planprogrammet peikar på sentrale tem i rulleinga, knytt til både nasjonale, regionale og lokale føringar. Kommunestyret har vedteke ein arealstrategi (samfunnsplan 2023) som legg klare føringar for fokus på berekraftig forvaltning og viktigheita av å sikre viktige natur- og friluftsområde.

Det er behov for å vurdere eksisterande områder for fritidsbustad med oppdatert og nytt kunnskapsgrunnlag. Områder som i dag er unyttige byggeområder kan bli tatt ut av planen og erstatta med til dømes LNF-formål etter konkrete vurderingar.

Å sikre ei berekraftig og framtidsetta forvaltning av området er utfordrande. Planprosessen skal syte for at kommunestyret sitt endelege vedtak er bygt på brei medverknad og eit grundig kunnskapsgrunnlag.

## **Økonomiske konsekvensar**

I utgangspunktet vert planarbeidet utført med egne krefter. Eventuelle økonomiske konsekvensar vil vere knytt til konkrete aktivitetar i planprosessen og planproduksjon, og vert å vurdere undervegs.

Torbjørn Emblem  
kommunedirektør

